



Veteranskipet MS SANDNES gjennom Storsund på seglas til Rosendal Kammemusikkfestival.

Veteranskipet MS SANDNES gjekk gjennom Storsund i 15 tida i dag, på festivalcruise frå Stavanger og Haugesund til Rosendal. Turen var fullteikna og turen med alle måltid og konsertar kostar kr. 18.000,- for to. Skipet ligg til kai i Skålafjæro på det som var utrustningskaaien til Skaaluren skibsbyggeri.

Mange minnest nattruta mellom Stavanger og Bergen. I tida før krigen gjekk det fire skip i ruta, Sandnes Damp og Stavangerske segla med to skip parallelt med same avgang frå kvar by og i kamp med å koma fyrst til kai i neste by. I åra etter krigen vart antal skip redusert til to. Reiarlaga konkurrerte om å vera best på kvalitet fram til MS SANDNES vart levert frå Nyland Mekaniske Verksted i 1950. Ikkje noko skip i ruta kunne måla seg med SANDNES med utsmykking og standard på lugarar og salongar.

MS SANDNES er den største veteranbåten godkjend som verneverdig skip av Riksantikvaren. Skipet sin originale grønne farge er tilbake og mykje av interiøret er frå overleveringa i 1950. Med hydrofoilibåtane VINGTOR og SLEIPNER i same ruta frå tidleg på 1960 talet, svikta passasjeretalet. MS SANDNES gjekk i nattruta fram til 1974.

Simon Møkster kjøpte og berga skipet, som seinare vart brukt som skuleskip og losjiskip. Ei stifting eig og driv det staselege nattruteskipet i dag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs